

Ei verd står på spel. Barn må bergast, skog må plantast. Og kven skal du nekta reint vatn for at sjukehuset skal få nok?



REDD BARNA: Når eit barn døyr, pip spelet brutalt. Oppgåva er å berga så mange som råd med mat, trøst og medisin. Dei som spelar her er grønt lag frå Randaberg, frå venstre Isak Bø, August Fossmark, Oda Goa Berge, Vilde Norland Vistnes og Anna Viste.

1200 konfirmantar har spelt seg til kunnskap om urettferdigheten i verda



Reidun Gudmestad
tekst

Marie von Krogh
foto

URETTFERDIGHET

NÆRBØ: Desse problemstillingane har over 6000 personar fått kjenna på kroppen denne vinteren. Av dei er rundt 1200 konfirmantar.

Aftenbladet er på Vitengarden Jærmuseet saman med rundt 50 konfirmantar frå Randaberg.

Om du skal fiska etter mat i bossdunken eller i frysedisken vert avgjort av om du kjem frå eit industriland eller utviklingsland. Kor lett det er skaffa lege, avheng av det same, eller du skal berga dei nyfødde babyane med mat, omsorg og medisin, byggja hus i jordskjelvtutsette strøk eller planta skog.

Aktiviteten og intensiteten er stor. Magne Hognestad, tilsett på Jærmuseet, er tydeleg dommar, forklarar spelets gang og rettleiar. Deltakarane puslar, dei fiskar, dei plantar skog og reddar babyar og får eit innblikk i korleis urettferdigheten kjennest om du er uheldig med «trekninga».

– Det var kjekt å spela. Og så fekk me vita korleis folk i andre delar av verda har det. Me prøvde jo å unngå å bli fattige, for då vart oppgåvene vanskelegare. Det er ein bra måte å få oppleva korleis verda er, oppsummerer konfirmantane Maria Skjæveland og Kristin Larsen. – Me slit med våre ting her. Kanskje problema ikkje er så store likevel samanlikna med andre. Me kjem til å hugsa dette, seier dei.

FASTEAKSJON: Rundt 4000 ungdommar vert kvart år konfirmererte i Rogaland. I år har altså over tusen av dei vore innom Vitengarden. Busslast på busslast med konfirmantar har kome til Nærbø. I tillegg til å spela har dei fått informasjon om Kirkens Nødhjelp og kva dei den 12. april skal ut og samla inn pengar til.

Lars Erling Friestad er distriktskontakt for Kirkens Nødhjelp. Han fortel at tilbodet vart sendt til alle kyrkjelydar i Rogaland. 12 av dei svara ja takk. Konfirmantane har koma frå heile fylket, frå Aksdal til Ogna.

– Dermed får dei eit heilt spesielt tilbud og ekstra god førebuing til fasteaksjonen. Den årlege innsamlingsaksjonen gir vanlegvis 31 millionar til Kirkens Nødhjelp. Ein halv million kjem frå Jæren, Hå, Klepp, Time og Gjesdal.



PUSLESPEL: Kvart lag har eit bilete å pusla.

– Pengane som kjem inn er ikkje øyremerkte, og delar av dei vil nok gå til gjenoppbygging i Japan der Kirkens Nødhjelp har folk i gang.

– Dessutan er mitt ønskje med dette at ungdommane også seinare skal få lyst å arbeida for ei meir rettferdig verd og gjera noko for andre. Me er jo 20 prosent som bruker 80 prosent av ressursane i verda. Alle kan gjera litt med det. Denne aksjonen viser det.

SUKSESS: – Det har vore utruleg kjekt å ha konfirmantane her, dei vert så fanga av tema og ser alvorret i det, seier Helene Østby Larsen, avdelingsleiar på Vitengarden.

Dei begynte å koma i februar, og dei siste gruppene spelar denne veka.

Mange 4H-klubbane har også spelt. Det har også mange andre gjort, t.d. tilsette på fødeavdelinga på SUS, utdrikingslag, og i helgene vert spelet kjørt for publikum.

– Me har enno noko ledig kapasitet siste månaden, så det er berre å melde seg, seier ho.

Etter eitt år i Sverige, skal spelet tilbake til Danmark. – Kanskje kan det også koma til ein annan landsdel i Norge etter det.

– Spelet har vore ein suksess for Jærmuseet. det har gitt både oss og regionen ein ekstra dimen-

EI VERD PÅ SPEL

SAMARBEID: Laga av Jærmuseet og vitensenteret Experimentarium i København i fellesskap.

STORT: Dekker 250 kvadratmeter i kjellaren på Vitengarden.

DANMARK: Stod først eitt år i Danmark, vart opna på Vitengarden 20. september i fjor. Skal til Sverige.

2015: Spelet handlar om FN sine mål for 2015. Dei vart formulerte av 189 statsleiarar i 2000, i åtte punkt. Blant dei er å halvera fattigdom og svolt, at alle skal få skulegang, auka likestilling, minska bamedødeligheten med to tredelar og minska mødredødeligheten med tre fjerdedelar.

SPELARAR: 5983 har vore med på opplegget med spel og informasjon. 1200 av dei er konfirmantar. I tillegg kjem publikum som har spelt i helgene.

sjon. Personalet her synest det har vore kjekt og me har nådd mange nye grupper og fått nye samarbeidspartar.